



Sigrun Haugland i gang med eit nytt sengeteppe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når uskedelingane før slutten av oktober tek lodd på det fine sengeteppet som er stilt ut i banken og med det gjev sin skjerv til Aktivitetshuset, bør dei senda ein varm tanke til til ho som har strikka teppet. Sigrun Haugland (72) er truleg strikkemeisteren i Uskedalen. På seks år har ho strikka 18 slike sengetepper og elles har ho mellom anna strikka 15 OL-gensarar! Og ho har gjort alt utan å ta betaling.

Akkurat no er ho forresten i eit lite dilemma: Ho er snart ferdig med eit sengeteppe – til ei dame som ynskjer å kjøpa det til ein 40-årsdag.

- Eg anar ikkje kva eg skal gjera. Ein kan ikkje sete pris på noko slikt og ta vanleg betaling . Eg har jo aldri seld noko, fortel Sigrun.

Ho har strikka sidan ho var jentunge og mest til familien: Tre born og sju barneborn har fått kvart sitt sengeteppe. Det vil seie – dei to yngste barneborna er berre 16 og 18 år og har ikkje motteke teppene sine enno. Men dei ligg klåre hjå bestemora.

Ho har gjort ein stor innsats for gode føremål i sin eigen dal og Rosendal:

I fjor gav ho eit teppe til Røysterett for alle og no kom altså turen til Aktivitetshuset. Og så har ho gjeve eitt til Rosendaltunet og to til Rosendal Songlag. Også det andre songlag-teppet er ute på 'loddmarknaden' no.

Sengeteppene som kjem frå Sigrun sine raske fingrar er alle like. Dei er til dobbeltseng, er omtrent 2 x 2,5 meter og heiter 'Tuntreet'. Sigrun fant mønsteret i bladet Familien for mange år sidan. Ho vart trufast ved det fordi ho tykte motivet var så fint. Sigrun har aldri nytta maskin til strikkinga. Og ho har ikkje noko eige rom for hobbyen sin – ho sit i stova og har teknikken så godt inndrilla at ho kan sjå på fjernsynet samstundes. Men sjølv sagt sjekkar ho etterpå at ho har gjort alt rett.

- Eg har aldri hatt noko tidspress over meg og tek ein kvil når det passsar. Dette er hobbyen min og eg brukar nok rundt tre månader på å strikke eit teppe. Men eg har med strikkesøyet overalt. Å strikka på fly er til dømes alle tiders, eg har strikka meg både til Kypros og Kanariøyane og attende, fortel Sigrun.

Kven er så 'sjefs-strikkaren' i Uskedalen? Ho er frå Tysnes, men flytta tidleg til Herand i Jondal. Så kom ho til fabrikkjen i Beinavikjo i 1952 og der traff ho som mange andre fabrikkjenter ein kar som ho fell for. Han heitte Trygve Haugland og året etter var ho gardkjerring på Haugland. Ho har og arbeidd ved Distriktsheimen i Herøysund, men no har ho vorte pensjonist. Strikka har ho gjort sidan ho var jentunge på Tysnes.

- Kva tenkjer du på når du strikkar. Sigrun?

- Alt eller ingenting!

Av Ola Matti Mathisen



Sengeteppet som no blir lodda ut til inntekt for Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)